

SUNDAGSORD

Tankar i møte med preiketekstane i første tekstrekke

1. søndag i advent

Matt 21,1-11

Venting

Venting har jo generelt eit dårleg rykte. Ingen likar å vente på bussen, vente på finvêret eller vente på at datamaskinen skal tenke seg ferdig og få gjort det han skal. Det finst likevel ei venting som kan ha noko for seg, og det er den ventinga som har forventning i seg.

Om det brått skulle vise seg at jula alt var her i dag, ville dei fleste likt det dårleg, ikkje berre dei som skal selje mykje no framover mot jul eller alle som har lange lister med alt som skal gjerast heime før jula vert ringt inn. Nei, alle oss som treng litt tid for å byggje opp forventninga, synest at det er heilt greitt at det framleis er ein månad att før jula er her.

Då Jesus vart fødd, hadde folket venta i hundrevis av år på at Messias skulle koma, og då han endeleg kom var det ikkje lett å forstå at ventinga var over. For det første hadde dei venta så lenge at det hadde blitt ein vane som det ikkje var lett å leggja ifrå seg. For det andre svara han ikkje til forventninga. I si venting hadde dei sett for seg ein mektig krigarkonge, men så kom han som eit barn i ein fattig stall, og som vaksen rei han inn i Jerusalem på eit esel i staden for på ein stolt hest!

Jesus kom med nåde i staden for krav, med fred utan våpen. Kvart år i adventstida gjenopplever me ventinga på fredsyrsten som skal koma, på han som kjem til kvar enkelt av oss når me er klare for det, og som ein dag skal koma att og bli synleg for alle.

Venting kan ha noko for seg når ventinga er ispedd forventning. Men venting kan også bli ein dårleg vane, og då kan det heile lett gå oss forbi utan at me oppdagar noko som helst.

Ha ei god adventstid, med god forventning!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 25. november 2016

2. søndag i advent

Joh 14,1-4

Han som kjem til oss

Adventstida handlar eigentleg om å venta. Det handlar om å venta på han som kjem til oss, først som eit lite barn i ei krybbe, sidan som ein bror som kjem oss til redning, før han altså til sist skal koma att og ta oss heim til seg.

Andre søndag i advent minner oss om dette, at ventetida ikkje berre handlar om å venta på jul, men å våga å kjenna på lengten etter han som aldri er langt unna, og som kjenner oss betre enn me gjer sjølv.

Frykt ikkje, seier Jesus. Sjølv om eg reknar meg for å vera ein ikkje så reint liten optimist av natur, så må eg innrømme at det å leggja all frykt bort, det klarar eg likevel ikkje. Inn i mellom skjer det ting i livet som gjer at eg ikkje klarar å halda frykta for framtida unna. Det kan vera smått og nært, eller stort og langt borte.

Når Jesus seier at me ikkje skal frykte, så er eg ganske sikker på at det ikkje er eit forsøk frå hans side på å gje meg dårleg samvit for at ikkje klarar å leggje frå meg redsla. Nei, eg er ganske overtydd om at dette handlar om at bak alt eg med min tanke kan frykte her, ligg eit håp og ventar som overgår alt som tanken min kan romme. Han lovar ikkje å leie meg utanom alt det vanskeleg som måtte kome, men han lovar å leie meg heilt fram.

Å leggje bort all frykt, kjem eg nok aldri til å klare. Men eg kan øve meg på å vente på han som kjem til oss. Adventstida er ei fin tid til slik øving!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 6. desember 2019

3. søndag i advent Matt 11,2-11

Vegrydding

Det er ikkje få som er i sving med vegrydding om dagen. Nokre dagar og netter er det brøytebilsjåførane som må ut for å få bort snøen eller strø på glatta. Andre gonger er det dei med bergingsbilane som ut for å hjelpe bort ein trailer og to som står og sperrar. Utan alle vegryddarane i Vest-Telemark hadde her ikkje vore framkomande på vinteren!

Men vegrydding handlar ikkje alltid om tunge maskinar og mange hestekrefter. Det handlar ikkje ein gong alltid om vegar med asfalt eller grus heller. Kulturelt var til dømes Talleiv Olsen Huvestad ein som rydda veg for respekten for bøndene i Telemark, etter at han hadde vore på riksforsamlinga på Eidsvoll og delteke aktivt i utforminga av Grunnlova. Folkeminnesamlaren M.B. Landstad var ein annan som dreiv kulturell vegrydding her i distriktet.

Når det skjer eit stort skifte av historiske dimensjonar, så er det nesten alltid nokon som har rydda vegen for det som skal skje. Døyparen Johannes var den siste i ei rekke av profetar som rydda vegen for frelsaren som skulle koma. Men sjølv Johannes var usikker den dagen han fekk høyra at Jesus var byrja å reisa rundt og forkynna og gjera under. Var dette han som skulle koma?

Døyparen kjente si eiga oppgåve, så då han vart trygg på at, jo, dette er han som skal koma, så kunne han ikkje anna enn å gleda seg, sjølv om han no visste at all merksemda som ei tid hadde vore han sjølv til del, ville forsvinna.

Det er mykje som kan gjera at menneske vel bort det kristne håpet. Ofte kan det vere reine mistydingar eller vanskelege tankar som har skulda. Då kan ein god samtalepartnar vera ein god vegryddag. Men då er det også viktig at samtalepartnaren kjenner si rolle som vegryddar, og ikkje sjølv vert ståande i vegen når alt elles er klart. Her var Johannes døyparen eit godt førebilete.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 13. desember 2019

4. søndag i advent

Luk 1,46-55

Audmjuk styrke

Maria, mor til Jesus var audmjuk. Ho visste kva det ville kosta å gjera Guds vilje. Sladderer, forklaringsproblemet ho ville få overfor Josef som ho elska, ho visste ikkje korleis ho skulle kunna bera det. Men ho var audmjuk og tenestevillig. Det er slik me har lært oss å tenka om Maria, at ho er audmjuk og tenestevillig. Men Maria var noko meir: Ho var sterk! Ikkje berre sto ho i det gjennom ni månadar med svangerskap. Ho sto i det då dei måtte flykte til Egypt. Ho sto i det då han vart borte for dei som 12-åring i Tempelet, og ikkje minst, ho sto i det då han som 33-åring vart spotta, torturert og hengt på ein kross.

Maria var ei sterkt kvinne! Ja, kanskje er det framfor alt styrken hennar ho bør hugsast for. Men det er likevel ingen grunn til å gøyme bort hennar audmjuke og tenestevillige side. Kanskje tvert i mot. For det er her styrken hennar kjem frå, frå tenarsinnet hennar, frå tanken hennar om at det finst noko som er større og viktigare enn det ho går igjennom akkurat no.

Akkurat dette hadde Maria til felles med han ho skulle føda. Jesu styrke skulle framfor alt visa seg å vera knytt til det audmjuke tenarsinnet som seinare har vore eit ideal for den kristne kyrkja.

Kyrkjesoga er diverre full av eksempel på at ideal og liv ikkje alltid heng saman i den kristne kyrkja heller. Men Maria og Jesus viser oss eit ideal som aldri må bli borte frå oss: Ekte styrke spring ut av audmjukt tenarsinn, ikkje av herskelyst og maktsjuka.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 20. desember 2019

Julaftan

Luk 2,1-20

Mysteriet i stallen

I min ungdom studerte eg teologi i 6 år. Sidan har eg jobba som prest i 26 år. Det siste året har eg jamvel studert teologi og lest vitskapsteori på doktorgradsnivå. I alle desse åra har eg prøvd å forstå kva som eigentleg skjedde den kvelden i stallen. Men i dag, i Vest-Telemark blad på sjølvaste joleftan, gjev eg offisielt opp! Eg gjev sjølv sagt ikkje opp teologien, eller vitskapen for den saks skuld, nei, nei, nei! Men eg gjev opp ambisjonen om å klara å forstå fullt og heilt kva Gud dreiv med denne spesielle kvelden i Betlehem.

Grunnen til at fotball har blitt ein så enormt populær idrett, seiast å vera at dette er ein idrett som både kan praktiserast og studerast med like stort utbytte uavhengig av kva nivå du sjølv er på. Med andre ord, om du kun spelar fotball i det store familieoppgjeret kvar sommarferie, eller driv profesjonelt heile året, om du ser ein og annan fotballkamp på TV når det passar slik, eller har sesongkort på stadion, så kan du ha like stort utbytte.

Eg trur det same kan seiast om den store joleforteljinga. Du kan lese joleevangeliet ein gong i året, eller du kan studera det inngåande teologisk i årevis, og uansett oppleve å ha stort utbytte. For joleevangeliet har så mange lag. Nokre lag ligg heilt opp i dagen og let seg observere av alle ved

første gjennomlesing. Andre lag krev nitid studium, atter andre er enno ikkje avdekka, og nokre lag av evangeliet kjem ikkje ein gong til å bli avdekka så lenge me lever her.

Kvifor er det så slik, at me ikkje kan forstå jolemysteriet fullt ut? Grunnen ligg faktisk i det Gud gjorde denne kvelden i Betlehem. For det han eigentleg gjorde, var at han, den evige og allmektige, skaparen av alle ting, laga seg eit rom for seg sjølv midt i det skapte. Men korleis kan dette gå i hop, at det heilage, uforklarlege og evige, vert ein del av vår sanselege verden? Nei, det er jo det eg seier: Det let seg ikkje forklare, det let seg ikkje forstå! Skal me då likegodt leggje bort heile forteljinga. Nei, langt i frå! Her er det stadig meir å hente, nye lag å avdekke. Me har jo allereie sett at han kom som ein tenar i fattige kår, trass at han var ein konge for alle folk. Me har også forstått at han kom med fred, ja, ein fred som overgår alt me menneske kan forhandle oss fram til. Kva meir kan me hente ut av denne forteljinga over alle forteljingar? Det veit du først når du let joleforteljinga møte di eiga livsforteljing, og let livet ditt og joleevangeliet kaste ljøs over kvarandre.

Men ambisjonen om å forstå alt, kan no offisielt leggjast død. Tida for dei skråsikre er for lengst forbi! Etter at Gud, den evige og heilage, laga seg eit rom midt i det skapte, vil me erfare ting som sprengjer ramma for det me kan forstå. Kunnskap er viktig, men mysteriet er like viktig! Du erfarer det når langvarig fiendskap på uforklarleg vis vert borte, når ufred blir til fred, anten det er mellom nasjonar, mellom arbeidskollegaer eller i heimen. Nokre gonger kan me ha forklaringar på kva som skjedde, andre gonger er og blir det eit mysterium.

Det viktige med jolebodskapen er at Gud brydde seg. Ja, han brydde seg så sterkt at han var nøydd til å gjera ting me menneske ikkje fullt ut kan forstå. Men me erfarer i alle fall at det er godt, dei gongene me får sjå glimt av himmel på jorda!

Med ynskje om ei god og fredfylt jol i kvart eit hus i Vest-Telemark!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad tysdag 24. desember 2019

Kristi openberringsdag

Matt 2,1-12

Å skjøna litt meir

Like etter jul startar openberringstida i kyrkjeåret med den søndagen som vert kalla Kristi openberringsdag. Dette er ei tid for å skjøna meir av kven han er, han som vart fødd den første julenatta. Nokre fattige gjetarar på Betlehemsmarka var mellom dei aller først som fekk kunnskap om kven Jesus var. Frå den heilt andre enden av dåverande rangsstige kom tre vise menn frå Austerland og sikra at ryktet om Jesus vart spreidd mellom dei med makt.

Hjå nokre vakte nyhenda om Jesu' fødsel jubel, hjå andre vakte ryktet om han uro, ikkje minst hos dei med makt. Kva kunne han koma til å bli? Kva var det eigentleg han ville?

Jesus vaks til, og både gjennom ord og handling vart det tydlegare for folk kven han var og kva han ville. Men forstod dei han eigentleg? Forvirringa var i alle fall ganske total dei siste dagane han levde. Dei som elska han svikta han. Dei som hadde makt kravde han drepen, og han som felte dommen vaska hendene sine og ville ikkje ha noko med heile greia å gjera.

Den kristne kyrkja har hatt fleire openberringstider enn nokon kan telja etter dette. Litt etter litt har me skjønna stadig meir. Me har skjønna at han er av same vesen som Faderen, fødd ikkje skapt, sann Gud av sann Gud.

Men er alt sagt med dette? Nei, langt i frå! Jesu guddom er eit mysterium som me aldri fullt ut kan forstå. Men dette mysteriet kastar lys på oss slik at me stadig kan skjønna litt meir av oss sjølv. Og det er faktisk slik at når me skjønner meir av oss sjølv i relasjon til den treeinige Gud, så er det også den einaste vegen til å forstå meir av Gud. Forstå det den som kan!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 3. januar 2020

2. søndag i openberringstida

Matt 3,13-17

Dåpen

I året som ligg framfor oss, vil Den norske kyrkja gje dåpen ekstra merksemd. Heilt sidan Jesus bad oss om å døype, har menneska søkt dåp. Dåpen er eit mysterium. Ord kan ikkje fullt ut forklare det som skjer. Vatnet i den kristne dåpen er eit teikn som rommar både liv og død. Vatnet er livsgrunnlaget vårt og samtidig ein trussel. Når vi feirar dåp, set vi derfor òg ord på og tek avstand frå det som er vondt og imot Guds vilje. Det gjer vi i fellesskap når vi forsakar djevelen og vedkjenner oss trua. Dåpen skjermar oss ikkje mot ondskap, synd og destruktive krefter. Han gjev oss eit løfte og eit håp om at livskraftene er sterkare, og at Gud tilgjev oss og reinsar oss for all urett. Livet fører oss opp og ned. Vi er både sterke og sårbare og treng å høyre til i ein samanheng. Kor ulike vi enn er, i dåpen blir vi eitt på tvers av alt som skil oss.

I preiketeksten denne sundagen, får me høyra at Johannes døyparen vart lettare forvirra då Jesus kom til han for å verta døypt. Johannes praktiserte jo ein omvendingsdåp, der folk som vedkjente seg si synd og ville venda om til Gud kom for å la seg døypa. Johannes kunne difor ikkje forstå at Jesus, som var syndfri, skulle la seg døypa. Men Jesus tenkte lengre. For at han skulle kunna gjera si gjerning og ta på seg verda si synd, var det heilt naturleg at han stilte seg opp i køen av syndarar, som ei rein solidaritetsgjerning. Ved denne solidaritetshandlinga legg han grunnlaget for den nye dåpen, den som kjem til oss som ei gåve.

Dåpen gjev oss fellesskap med Kristus og med kristne søsken i den lokale kyrkjelyden og i den verdsvide kyrkja. Dette fellesskapet strekkjer seg over tid og rom, for det er éi tru, éin dåp og éi kyrkje. Det vi får i dåpen, gjev oss mot og styrke til å elske Gud og nesten vår. Dåpen er ei gåve frå Gud, gjeven av nåde, tre handfuller vatn, auste opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande til evig liv. Vi går framtida i møte saman med Kristus.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 10. januar 2020

3. søndag i openberringstida Joh 2,1-11

Teikn

«Om nokon vil ha ordet, så gjev meg eit teikn», seier gjerne ein møteleiar. Om eit par månadar byrjar mange av oss å sjå etter vårteikn, som snøkløkker eller trekkfuglar.

Økonomane ser etter teikn i marknaden som kan varsla oppgangstider eller nedgangstider. Lækjaren ser etter teikn på ulike sjukdomar, dersom eg ikkje kjenner meg frisk, og sjølv tolkar eg det som eit teikn på at eg er i ferd med å bli betre, dersom feberen byrjar å gå ned.

Eit teikn er noko som peikar mot noko anna som er viktigare. Det er ikkje det at eg rekkjer opp handa som er viktig, men det at eg vil seie noko. Det er ikkje ei lita tue med forfrosne snøkløkker som i seg sjølv er det store, men at me har varmare tider i vente.

Jesus gjorde mange under den korte tida han levde. For den som vart frisk frå alvorleg sjukdom, var dette sjølv sagt noko av det viktigaste som hende i livet. For bryllaupsarrangørane i Kana var nok det å sleppa unna skamma med å gå tom for vin det beste som skjedde den kvelden. Det viktigaste med undera Jesus gjorde, var likevel ikkje det desse handlingane hadde å seia for enkeltmenneska i dei einskilde situasjonane. Det viktigaste med undera Jesus gjorde var at dei var teikn. Teikn på at ikkje noko er umogeleg for Gud. Teikn på at Gud vil det gode. Teikn som peikar fram mot eit tilvære som skal vera berre godt. Teikn på at me lever i ei tid der me allereie kan sjå dette i små glimt, men der me framleis må vente ei tid før me får sjå det fullt og heilt.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 17. januar 2020

4. søndag i openberringstida Luk 18,35-43

Kva vil du eg skal gjera for deg?

Den blinde Bartimeus hadde ikkje berre måtta finna seg i å ikkje kunna sjå. Han hadde også måtta finna seg i å stadig bli oversett. Jo, det hende vel ein sjeldan gong at nokon la ein slant i koppen hans der han satt i vegkanten og tigga, men det var nok langt mellom kvar gong nokon gav han av tida si og lytta til kva han hadde å fortelja. Ja, ikkje berre vart han oversett. Når han sjølv prøvde å få kontakt vart han regelrett hysja på.

Der det finst menneske, finst det også bartimeusar. Ikkje alle er blinde. Ikkje alle tiggjar. Ikkje alle bryr seg ein gong om å ta ordet. Dei har dette til felles at dei har blitt vane med å bli oversett og hysja på.

Eit venleg blick og eit interessert spørsmål kan gjere reine underet. «Kva vil du eg skal vera for deg?» Slik møtte Jesus han som alle oversåg. Og dette vart første steget ut av den fortvila situasjonen. Det vil seie, det starta eigentleg med Bartimeus sjølv, som framleis hadde krefter til å ropa på hjelp og på den måten trassa alle som hysja på han.

Fjerde søndag i openberringstida er ein dag til ære for alle som ikkje gjev opp, ein dag til påminning for alle som har valet mellom å hysje eller oppmuntre og ikkje minst ein dag til ettertanke for alle

som kan sjå, men som ofte vel å oversjå. Samtidig er dette ein dag til å undre seg over kva Gud har makt til å gjere når me vender oss til han.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 24. januar 2020

5. søndag i openberringstida

Mark 2,1-12

Trua

Fleire gonger tidlegare har eg skrive i denne spalta om at folk i vår tid har lett for å misforstå kva som ligg i det bibelske omgrepet tru. Eg har skrive om kor lett menneske av i dag tenkjer at tru handlar om å kunne setje saman eit vasstett resonnement av kva som er sannsynleg, før det kan kome på tale å seie at dette trur eg på. Slik vert kanskje det viktigaste perspektivet ved gudstrua borte, nemleg håpet. Framfor alt handlar kristen tru om håp, det at eg kan håpe på at me har ein Gud som har meir å gje enn det eg kan sjå og evne å oppfatte.

Evangelieteksten for søndagen som kjem, viser oss endå eit par viktige perspektiv på kva trua er, eller rettare sagt kva trua skaper. For det første får me i denne forteljinga sjå korleis tru skaper handling. Sterke og handlingskraftige karar let seg ikkje stoppe av ei ugjennomtrengjeleg folkemengd når dei først har bestemt seg for at den lamme kameraten deira må få treft Jesus. Dei hadde eit håp, og dei satsa alt på dette. Om noko i den kristne kyrkja skulle kunna kallast tenesteyting, så måtte det vera dette, å bera menneske fram for Gud. Det kan gjerast på mange forskjellige måtar. Det kan skje gjennom forbøn. Det kan skje gjennom å bera neste generasjon til dåpen. Den kan skje med å invitere til gudsteneste, eller til å våge den djupe samtalen over kaffikoppen, når den andre måtte vere klar for det.

Det andre perspektivet som denne bibelfortellinga viser oss, er kva den kristne trua fører til i relasjonen vår til Gud. For når me legg vantrua bort, og vågar å håpe på Gud, så er han meir enn villig til å leggja vekk det som har måtte vore, og setja oss fri. Her er det verdt å merkja seg at det er vantrua som må leggjast bort, ikkje tvilen. Tvilen og trua er uløyseleg knytt til kvarandre, men vantrua dampar derimot bort der håpet får sleppe til.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 31. januar 2020

Såmannssøndagen

Luk 8,4-15

Vekst

Eit av dei store plussorda i etterkrigstida og fram til i våre dagar har vore ordet vekst. Den som har kunna sannsynleggjera at eit tiltak vil medføra vekst, har allereie i utgangspunktet hatt ei god sak, anten det handla om økonomisk vekst, vekst i oppslutning eller til og med vekst i forbruk.

Dei seinare åra har likevel kritiske røyster kome med motførestillingar og spurt om denne ukritiske hyllinga av vekst, eigentleg er berekraftig. Kor mykje vekst toler eigentleg naturen og miljøet? Eller for å ta ei anna vinkling: Kor mykje vekst toler eigentleg kulturen vår?

Fleire og fleire har innsett at forbruksveksten ikkje kan halde fram i det uendelege rett og slett fordi det trugar framtida for kloden vår. Mange har også innsett at eit einsidig fokus på materiell vekst gjer noko med kulturen vår som ikkje er til det gode. Samtidig må denne nye innsikta ikkje lure oss til å gjere vekst til eit fy-ord. På veldig mange område er vekst heilt avgjerande. Vekst i kunnskap og innsikt, kan til dømes hindre mange av farane som trugar framtida vår.

Såmannssøndagen har me fått for å minna oss om at me heile tida må skilja mellom sunn vekst og usunn vekst. Slik er det også i det åndelege livet. Store vekkingar og radikale omvendingar er sjeldan det mest berekraftige. Tvert i mot kan det vera direkte skadeleg. Men ein god vekst i innsikt og modning er alltid til det gode.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 7. februar 2020

Kristi forklåringsdag
Matt 17,1-9

I eit glimt

Det er ikkje kvar dag det heilage dukkar opp slik midt i kvardagen. For dei fleste går no dagane på det jamne utan dei heilt store åndeleg opplevingane. Men ein gong i mellom kan det skje. Oftast er det vel meir som ei aning om at her var eg nær noko som var annleis, noko større, noko som sprengjer ramma for det kvardagslege. I kva grad den einskilde tenkjer at dette ekstraordinære har noko med Gud å gjera, kan sjølv sagt hengja saman med korleis ein i utgangspunktet er innstilt i trusspørsmål.

Ingen nordmann har vel skildra eit slikt glimt av det heilage betre enn det Jakob Sande gjer i diktet «Då Gud heldt fest i Fjaler». «Det var som alt vart omskapt», seier Sande, «former og fargar skifte på strender og firmament, det som var kjent, vart ukjent, og det som var ukjend vart kjent».

Slike glimt av det heilage treng slett ikkje vera knytt til mektig natur. Det kan like godt skje i samtale med andre menneske eller når ein er heilt aleine. Tid stad og form kan variere, men ein ting har slike åndelege opplevingar til felles: Dei varer aldri lenge. Det er som at det skjer i eit glimt. Det let seg ikkje gripe.

Opplevinga Peter, Jakob og Johannes hadde på fjellet saman med Jesus, var eit slikt glimt. Det var som dei fekk sjå Guds herlegdom med eigne augo. Men det let seg ikkje gripe. Det kvardagslege kalla dei fort tilbake. Men minnet om dette glimtet av det heilage bar dei med seg heile livet, som ei lengting etter det me har i vente.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 14. februar 2020

Fastelavnssøndag

1. Kor 13,1-7

Tanken bak

Gode gjerningar er ein bra ting. Lat det ikkje vera nokon tvil om det. Samtidig skal det ikkje stikkast under ein stol at også gode gjerningar kan misbrukast. Det er ikkje vanskeleg å finna eksempel på tvilsame motiv om både eiga vinning, splid og hemn som har blitt pakka inn i gode gjerningar. Knappt nokon innpakning er betre egna for å kamuflera vonde tankar enn gode gjerningar. Ja, så god er denne kamuflasjen at det ikkje ein gong er sikkert at den som står bak handlinga ein gong gjennomskodar at motivet med handlinga er heller tvilsam.

Farisearane på Jesu tid trudde verkeleg på at motivet var både edelt og godt når dei påla både seg sjølv og andre strenge reglar for korleis ein skulle fasta og be. Dei trudde dei gjorde det for å koma nærare Gud. Men for mange av dei sneik det seg inn ein langt mindre edel motivasjon: Tanken om å vera betre enn andre.

Skal me då passa oss for gode gjerningar, både eigne og andre sine? Langt i frå! Gode gjerningar er ein god ting! Men frå tid til annan skal me setja oss ned og reflektera over kva som driv oss, kva som er tanken bak handlingane våre. Brukar me til dømes fastetida til ein slik refleksjon, kan me fort oppleve at sjølv lettare klønete handlingar kan bli til det gode, rett og slett fordi dei var drivne av ein god tanke og ekte nestekjærleik.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 21. februar 2020

1. søndag i fastetida

Matt 4,1-11

Tene utan å herske

Forteljinga om då Jesus vart freista i ørkenen innleier fastetida som me no er inne i. Ei sterk forteljing om korleis det vonde kan pakkast inn på ein slik måte at det ser både fint og godt ut.

På nynorsk har ordet freiste tyde både prøve og lokke. Denne doble tydinga minner oss om kva me har med å gjera. Når noko vondt vert bydd oss i positiv innpakning, kan det virke forlokkande, men i realiteten er dei ei prøve på om me klarar å skilje godt frå vondt.

Det er ikkje tilfeldig at freistaren i forteljinga frå ørkenen tilbyd Jesus å få makt over heile verda. Makt er i seg sjølv korkje godt eller vondt. I eit samfunn må det finnast maktmiddel om alt skal fungere. I relasjonar mellom menneske må makt fordelast på ein konstruktiv måte. Men prøven står i korleis makta vert brukt. Den som vert tildelt makt, anten det er i ein foreldre-barn relasjon, ein arbeidsgjevar-tilsett relasjon eller ein profesjonell-brukar relasjon, kan stå prøven eller falla. Fasiten på prøven er ganske enkel: Den som bruker makta si til å skape seg sjølv større rom, hevde seg sjølv ved å trakke andre ned eller undertrykke andre for å fremje eigne ambisjonar, har ikkje stått prøven. Dei som derimot bruker makta si til å tene andre, til å løfte opp og bane veg for det gode i fellesskapet har derimot stått prøven.

Om fasiten er enkel, er ikkje oppgåva med å kome fram til rett svar alltid like enkel. Å skilje rett mellom godt og vondt kan mange gonger vere ei større utfordring enn det me maktar. Då er det viktig å vita at det er lov å prøve på nytt, når ein har teke feil. Med eit godt sinnelag og eit audmjukt syn på eiga dømmekraft, kan det fort gå betre neste gong.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 28. februar 2020

2. søndag i fastetida
Matt 15,21-28

Ein kamp for livet

Nokre gonger kan livet kjennast som ein kamp. Det kan handla om motgang i noko me prøver å få til, eller det kan handla om sjukdom, plager eller tap av nokon som står oss nær.

Motgangen er ikkje likt fordelt og det fint heller ikkje noko rettferd i kven som må tola mykje og kven som ofte slepp unna. Likevel er det sikkert at ingen klarar å lura seg unna alt vondt gjennom eit langt liv. Gode eller vonde dagar er altså ikkje eit spørsmål om å vera dyktig til å leva eller ikkje.

Skal ein då like godt gje opp, og overlata alt til skjebnen? Nei, kampen for det gode er aldri fånytt, men kan gjere livet betre for både oss sjølve og dei me har rundt oss. Og om me ikkje alltid oppnår det me ønskjer oss, så gir det retning og håp å våga å stå i kampen.

Bibelen fortel oss fleire gonger om menneske som kjempar i motbakke i livet sitt. Nokre av dei går til og med i nærkamp med Gud sjølv for å få det betre. No er ikkje akkurat Gud den som stiller seg i vegen for det gode. Men han toler godt menneske som både klagar, tryglar og bed. Gud er romsleg slik. Og så vil han oss det beste. Ikkje alltid vil me oppleve at Gud leier utanom det vonde. Kanskje oftare er Gud den som leier oss igjennom dei utfordringane som kjem og let oss koma styrka ut på den andre sida. Det tyder ikkje at alt som skjer har ei meining. Men det tyder at det alltid gjev meining å kjempe for det gode.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 6. mars 2020

3. søndag i fastetida
Luk 11,14-28

Anten eller, eller?

Fleire av bibeltekstane i fastetida gjev eit inntrykk av at tilværet kan delast inn i eit tydeleg anten eller. Me får eit inntrykk av at anten så er det me møter godt, eller så er det vondt. Men er det verkeleg slik? Kan alt delast inn etter svart og kvit? Ja, er det slik at eg sjølv er anten god eller vond? Eller for å spørja litt annleis: Er det slik at anten så følgjer eg Gud, eller så motarbeidar eg han?

Eg trur dei fleste av oss erfarer at livet er langt meir samansett enn som så. Ofte kan me oppleve at det innvevd i gode intensjonar også lurar seg snev av både det eine og andre som ikkje er like bra. Men ei god handling kan vel vere god sjølv om ikkje alle intensjonane var heilt edle?

Når det blir vanskeleg å orientera seg i livet så kan det vera viktig å skilja mellom kva som er objektivt rett, og kva eg subjektivt opplever. Det går nemleg fort gale om eg automatisk trur at alt eg sjølv opplever er den objektive sanninga. Samtidig går det like fort gale om me i eit fellesskap avviser at det finst objektivt rett og gale og overlét til ein kvar å gjera seg opp si eiga subjektive mening.

Rett er rett og galt er galt uansett kva folk flest måtte meine, vart det ofte sagt før. Det er noko sant i det. Objektive sanningar finst. Samtidig er det lurt å ha ei audmjuk haldning til eiga evne til å avdekke objektive sanningar i alle situasjonar. Gode dialogar, der me lyttar til kva andre har sett og forstått, kan ofte hjelpa oss på veg mot sanninga.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad 13. mars 2020

4. søndag i fastetida
Joh 11,45-53

Når det går politikk i det

Politikk er viktig, ja, heilt avgjerande i eit demokrati. Det handlar om korleis ting skal styrast, kven som skal ha makt på kva område og kven som skal lyttast til som autoritetar. På sitt beste kan politikken heva både levestandarden og det moralske nivået i eit folk. Men også politikken kan misbrukast. Når politikk vert eit spel om å få siste ordet og oppnå popularitet, eller når politikken trengjer seg inn på område som ikkje høyrer til politikken sitt område, så går det fort gale.

Då kong Gustav 2 Adolf let det gå politikk i bygging av Vasa-skipet, og sette til side skipsbyggjarane sine klare råd, enda det med kantring og havari ved sjøsettinga. I den krisa landet vårt er inne i no, ser det heldigvis ut til at fagekspertisen og det politiske miljøet er meir samkøyrt og har ei betre rolleforståing.

Øvstepresten Kaifas hadde derimot ikkje noko god rolleforståing, då han av politiske omsyn oppfordra Rådet til å drepa Jesus. Men utan at Kaifas forstod det sjølv, let Gud han bli profet med orda: «Det er betre for dykk at eit menneske dør for folket, enn at heile folket går til grunne».

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 27. mars 2020

Maria bodskapsdag
Luk 1,26-38

Ver ikkje redd?

Det er engelen Gabriel som seier det, og han seier det jamvel med ropeteikn: «Ver ikkje redd!» Og så kjem han med budskapen som skal snu om på heile tilværet til den stakkars tilhøyraren.

Søndag som kjem skulle den kristne kyrkja over heile verda ha feira Maria bodskapsdag, fordi det er ni månadar att til jul. Dei fleste stader blir det nok denne gongen ei neddempa feiring, grunna den

pågåande pandemien. Sjølv i vårt eige trygge Noreg er alle kyrkjene stengte og alle gudstenester avlyste.

I desse dagar er det mange som får liva sine snudd på hovudet, og enda fleire som blir kasta ut i uvisse. «Kva med jobben min?» «Kva med økonomien min?» «Kva med helsa mi?» Og så kjem denne erkeengelen og seier: «Ver ikkje redd!». Har tanken streifa han at han kanskje tek munnen litt for full?

No har eg ikkje særleg vid erfaring med englar som dukkar opp på denne måten, men eg er ganske sikker på at både stemma og blikket til Gabriel fekk Maria til å forstå at det ikkje var noko irttesetting engelen kom med: «No må du ta deg saman!». Nei, Maria kjente med det same at det låg omsorg i orda, at det var rom for at ho var både usikker og redd i situasjonen, men at ho likevel kunne lena seg på ein som var langt større enn henne og som kunne sjå langt lengre enn det ho kunne.

For dei fleste av oss er det heilt naturleg å kjenna på både uro og frykt i den situasjonen me no er i. Men sjølv om me veit mindre om framtida enn me vanlegvis gjer, så står og fell heldigvis ikkje alt på kva kvar enkelt av oss gjer og kjenner. Joda, det er viktig at alle tek ansvar og vanskar hender og alt det andre som me har fått beskjed om. Men det er mykje i denne situasjonen som me skal få overlata til andre å uro seg for. Kanskje er vår viktigaste oppgåve no å be for dei som har eit særleg ansvar i samfunnet, og samstundes øva oss i å lene oss til Gud som alltid ser lenger enn oss.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 20. mars 2020

Palmesøndag
Joh 12,12-24

Det store stemningsskiftet

Jesus fekk verkeleg ei kongeleg mottaking då han reid inn i Jerusalem til påskehøgtida. Folk tok palmegreiner i hendene og gjekk han i møte medan dei ropa: «Hosianna! Velsigna vere han som kjem!»

Folkemengda koka av jubel og entusiasme. Men stemninga skulle snu raskt. Mindre enn ei veke seinare koka det på nytt i folkemengda rundt Jesus, men denne gongen lydde orda: «Krossfest! Krossfest!»

Kva skjedde egentleg? Kvifor dette store stemningsskiftet?

Dei to folkemengdene var ganske sikkert ikkje heilt identiske. Jesus hadde lenge hatt både tilhengjarar og motstandarar. Men ganske sikkert var det mange som var med på jubelen, som berre nokre dagar seinare ropa med i sinne. Til alle tider har det diverre vore slik at enkeltmenneska har hatt lett for å følgje lojalt med når nokon har klart å spreie sinne i folkefleirtalet. Ingen spør då lenger etter fakta. Ingen spør lenger etter proporsjonar på handling og reaksjonar. Ingen diktator er farlegare enn den kompakte majoritet i folket.

Då Jesus reid inn i Jerusalem, var støynivået så høgt, at han ikkje kunne nå ut med stemma si. Men han gjorde ei viktig symbolhandling som alle kunne sjå: Han kom ridande på eit esel, dyret som kongar reid på når dei kom med fred.

Popularitet er ei skjør greie. Kjærleik er noko heilt anna. Jubelen snur fort, men kjærleiken toler alt. Difor vart Jesu handling ståande, medan folket for vill.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 3. april 2020

2. søndag i påsketida

Joh 21,1-14

Livskraft

Det er noko utruleg flott med våren. Ikkje berre må snøen og isen vika. Mellom daude restar av sommaren i fjor sprengjer ein ny sommar seg fram i form av livskraft i gamalt kratt.

Kanskje har dei ukuelege livskraftene aldri vore tydlegare for oss enn akkurat denne våren. For i år skjer dette vårdramaet i ein kontrast til dødskraftene som utfaldar seg i form av ein dødeleg pandemi. Tala på døde verden over stig for kvar einaste dag, og enno har ikkje pandemien for alvor teke tak i dei mest sårbare delane av verda.

Når våren demonstrerer livskraftene i naturen, så handlar det om langt meir enn estetikk, sjølv om ingen skal nekta for at det er vakkert. Nei, det handlar om noko som stikk langt djupare, eit ukueleg håp om at livet vinn til slutt!

Få har kjent sterkare på håpløysa enn disiplane, då dei prøvde å samla seg etter det fatale nederlaget på Golgata. Korleis skulle dei no få livet til å gå vidare? Så står han der brått på stranda og demonstrerer med eige liv at døden må vika, til slutt. Livet har lært oss at ingen kjem utanom døden. Men Jesus har i påskehøgtida lært oss at livet vinn til slutt! Dette gjev oss håp, når me ser dødskraftene herjar. Og dette gjev oss håp når me ser ein ny sommar som sprengjer seg fram i gamalt kratt!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 17. april 2020

3. søndag i påsketida

Joh 10,11-18

Flokken

Når me snakkar om flokkar her hos oss i Øvre Telemark, så handlar det oftast om dyr, om reinflokkar og saueflokkar. Me er ikkje fleire innbyggjarar her oppe enn at flokkar av menneske, stort sett ikkje er aktuelt utanom i Dyrsku-tida.

I det siste har flokkimmunitet, eit faguttrykk frå immunologien, kome på alle sine lepper. Det handlar om at ein så stor del av folka i eit område har antistoff i kroppen at til dømes eit virus ikkje får spreidd seg vidare uhemma.

Nytt er det likevel ikkje at ordet flokk blir brukt om menneske. Men ofte har det blitt brukt i negativ tyding, som i flokkmentalitet, noko som visstnok skal vere eit trugsmål mot den frie tanken og individet sin rett til å gjera som ein vil.

Den som i vår kultur i nyare tid har snakka mest positivt om flokken, i tyding menneskegruppe, er samfunnsmedisinaren Per Fugelli. «Ikke vær et ettall på jorda. Bry deg om flokken din», er eit av sitata som kjem til å leva lenge etter han.

Men det var heller ikkje Per Fugelli som fann på å skildra mennesket som ein del av ein flokk. Då Jesus skulle forklara sitt eige forhold til menneska, så bruka han som bilete gjetaren sitt forhold til flokken. Med dette fekk han ikkje berre sagt noko om eit tenande leiarskap. Han fekk også sagt noko om at menneske ikkje lever aleine med Gud, men at me menneske også er avhengige av kvarandre, både i den vesle flokken (dei næraste) og den store flokken (samfunnet).

Men Jesus stoppar ikkje her heller. Han seier at han har andre sauer, også, som ikkje høyrer til denne flokken. For ulike grupper av «rett-truande» oppigjennom kyrkjesoga, har dette sjølv sagt vore ein skremmande tanke, at Jesus kan ha ein relasjon til andre enn dei me oppfattar som dei som er innafor. Men slik er det altså. Jesu Kristi kyrkje på jorda har ingen grenser som menneskeauga kan oppfatta. Slik er det berre med den saka.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 24. april 2020

4. søndag i påsketida Joh 16,16-22

Det synlege og det usynlege

Mykje av det som menneske reknar som viktig, er ikkje synleg for auga. Du kan til dømes ikkje sjå om det er varmt ute. Du kan ikkje sjå om det er god eller dårleg stemning når du kjem inn i eit rom der nokon har eit måltid saman. Du kan heller ikkje sjå om nokon verkeleg bryr seg, eller ikkje. Joda, vil du kanskje seia. Eg veit jo at det er varmt, når eg ser at naboen går ute i hagen i berre stuttbuksa. Eg ser på dei lukka ansikta at det er dårleg stemning, og eg ser på dei flakkande blikka at ingen bryr seg. Det er sjølv sagt noko rett i det. Men alt dette er tolking av teikn. Det kan jo henda den nye naboen er ein hardhaus som går i stuttbukse heile året. Det kan henda at dei lukka ansikta peikar tilbake på ein rangel kvelden før, men at stemninga sånn elles er god, den. Og det kan jo tenkast at dei flakkande blikka tvert i mot tyder at eg bryr meg, men at eg synest samtaleemnet er litt vel pinleg.

For at me menneske skal kunna orientera oss på ein god måte i verda, treng me ein eigen evne til å halda saman det synlege og det usynlege. Livstolking handlar om å kunna setja saman det me kan sjå med det me kan høyra, lukta og føla slik at det kan bli til noko me kan forstå.

Gud er for det meste usynleg. Nokre år gjekk han rett nok rundt på jorda og var veldig synleg. Til og med etter sin død viste han seg for mange hundre menneske og let til og med tviaren Tomas få kjenna på dei naglemerka hendene sine. Så for han opp til himmelen, og vart usynleg, men slett ikkje utan teikn som me kan tolka, og som kan få oss til å forstå.

Når me ser dei mange små og store undera i naturen, kan me ikkje då sjå Guds skapande hender? Når me ser at hat og strid må vika for forsoning og ny tillit, kjenner me ikkje då att Kristus? På dårlege

dagar kan me tenkje at me ikkje ser noko av verdi. På gode dagar derimot, ser me alt det verdfulle som ligg gøymt i det usynlege, rett framfor nasa vår.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad torsdag 30. april 2020

5. søndag i påsketida
Joh 15,1-8

Fellesskap

Me menneske er ganske ulike når det kjem til kva forhold me har til fellesskapet. Nokre av oss er introverte, og treng innimellom å vera for oss sjølve for å henta krefter. Andre er ekstroverte og får energi av å vera midt i mylderet. Uavhengig av om me er introverte eller ekstroverte, har me også ulik hang til å velja individuelle eller kollektive løysingar. Forholdet vårt til fellesskap, varierer altså ganske mykje frå person til person. Men alle har eit eller anna forhold til verda rundt seg. Om nokon melder seg heilt ut av ein kvar form for fellesskap, er det som oftast stor fare på ferde, og grunn til ein grundig helsesjekk.

Kva er det så som gjer at det å kjenna at ein er del av eit fellesskap er så avgjerande viktig for alle menneske, uavhengig av om me trivst i mylderet eller ikkje? Eg trur det handlar om fleire ting: Fellesskapet gjev oss tryggleik, ved at nokon kjem til å bry seg om det går gale med meg. Fellesskapet korrigerer oss, ved at nokon ganske sikkert vil gje oss eit hint om me byrjar å gjera dårlege val. Fellesskapet gjev oss meining, ved at andre er avhengige av at me bryr oss og gjev hjelp og råd når det røyner på. Samtidig er fellesskapen den beste arenaen for læring og danning.

Familien og slekta var i vår kultur lenge den sterkaste fellesskapen eit menneske kunne ha. Med tida har dette endra seg noko, slik at mange no har andre fellesskap som sine primærfellesskap, gjerne knytt til nærmiljø, felles interesser eller felles oppfatningar. I språket vårt vert dette ofte illustrert med bilete av eit tre med greiner. Me snakkar om slektstre og slektsgreiner. Me snakkar også om ulike greiner av ideologiske fellesskap.

Jesus brukte også dette biletet, og sa: «Eg er vintreet, de er greinene». Kyrkja er eit fellesskap der alle er like mykje verdt, der me kan kjenne oss trygge, og der det skjer viktig danning. Slik er denne heilt spesielle fellesskapen meint frå Gud si side, og slik vil han at me alle skal vere med på å forme han, både lokalt og globalt. Kyrkjefellesskapen kan ha mange former, men berre eitt felles utgangspunkt: Den treeinige Gud.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 8. mai 2020

17. mai
Luk 1,50-53

Tid for å løfta i lag

Noreg er aldri vakrare enn på 17. mai! No får me i år rett nok ikkje farga skuleplassar og vegar med barnetog i raudt kvitt og blått, men me har kvite snøkledd fjelltoppar, grønt lauv på bjørkene og

blåe innsjøar. For oss som bur her oppe i Øvre Telemark, så er det i desse dagane freistande å påstå at Noreg heller ingen stad er vakrare enn akkurat her. Det kan sjølvsagt argumenterast for at noko slikt er ei høgst subjektiv og til dels patriotisk oppfatning, men me kan då hente fram vestlendingen Per Sivle som objektivt sanningsvitne. Det kan jo ikkje vera utan grunn at han skreiv «Å kunne eg fara til Telemork og liva ei sumarstund».

Det vert nok i år ein ganske annleis sumar. Dei mange utanlandske turistane som vanlegvis kjem for å oppleve stavkyrkjene våre og Telemarkskanalen, blir truleg fråverande i år. Men kanskje er dette året der mange nordmenn endeleg får realisert draumen sin om å fara til Telemark.

17. mai er dagen for å minnast dei mange som bygde landet og som berga det då det var naud og krise. Me kunne ha nemnt både Eidsvoll-mennene, dei som fall under krigen og mange, mange fleire. Men kanskje er det i år meir naturleg å peika på oss sjølve, på vår eigen generasjon, og seia at no er det vår økt, no er det me som skal løfte landet ut av krisa. Styresmaktene seier at økonomien i landet vårt har fått sitt største tilbakeslag i fredstid sidan 1930-talet, og at det vil ta år før me er tilbake på det nivået me var på før pandemien. I denne situasjonen er det viktig at me løftar i lag, at me vurderer fellesskapen framfor eiga vinning, og at me ser vidare ut enn berre vårt eige land. Denne krisa kan ikkje løysast i Noreg isolert.

Skal me kome godt ut av dette felles prosjektet, vil det å hente fram att dei overordna verdiane frå grunnlova vere heilt avgjerande. Som i all andre land i den kristne kulturkretsen, er lovane våre framfor alt fundert på desse fire verdiane: Miskunn, rettferd, sanning og fred. Løftar me saman, med desse verdiane som fundament, er det all grunn til å tru at det skal gå oss godt også denne gongen.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 15. mai 2020

Søndag før pinse
Joh 15,26-27

Å fortelja vidare

Når me brenn for noko, er det ikkje vanskeleg å fortelja det vidare. Er dette som me brenn for i tillegg veldig konkret og forståeleg, så er det i alle fall ikkje noko problem å få formidla vidare.

Verre kan det vera med det som ikkje er så konkret, som me sjølv har vanskeleg for å forstå eller skjønne rekkevidda av, men som likevel har ein stor plass i livet. Korleis vidareformidle noko slikt? Alle som til dømes har opplevd ei brå og intens forelsking veit noko om dette, om korleis det på den eine sida kan vere alt-oppslukande, og på den andre sida vere veldig vanskeleg å få sett ord på. På same måten kan det opplevast på den andre enden av kjensleskalaen. Sorg og tunge tankar kan ta størstedelen av merksemda vår, samtidig som det er vanskeleg å rapportere med ord til andre korleis me har det.

Kva gjer me då, når orda ikkje strekk heilt til? Ein strategi er å like godt halde det for seg sjølv, og dele minst mogeleg. Ein annan strategi er å bruke kroppsspråket, formidle mi eiga sinnsstemning utan å forklare. Ein tredje strategi, og dette er som oftast den beste, er å prøve å setje ord på tinga, så langt orda rekk, slik at dei rundt meg i alle fall får litt peiling på korleis eg har det, og kan forstå litt meir av kvifor eg oppfører meg som eg gjer.

For veldig mange menneske høyrer også gudstrua til det som på den eine sida har ein stor plass i livet, men som på den andre sida er vanskeleg å setja ord på. Når me strevar med å forstå det sjølv, kvir me oss fort også for å fortelja vidare. Difor vert det freistande å halda trua for seg sjølv, og gjera det til noko heilt privat. Eller eg kan visa det i ein religiøs praksis, men som eg likevel ikkje snakkar høgt om. Best er det likevel, både for meg sjølv, og dei rundt meg, om eg innimellom prøver å setje ord på det. For slik kan me forstå kvarandre betre, og slik kan me gje kvarandre betre innsikt i kva det vil seia å vera menneske. Ingen har sett alt, men alle har sett noko. Deler me det me ser og opplever, ser me alle litt meir.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad

Pinsedag
Joh 20,19-23

Eit friskt pust

Når me seier at nokon eller noko kom som eit friskt pust, så handlar det ofte om at det skjer noko nytt i ein samanheng der ting har stivna til på ein feil måte. I eit slikt tilstivna miljø, der stemninga gjerne har blitt heller tung, kan eit friskt pust, i form av nye tankar og initiativ, kjennast utruleg frigjerande.

Pinsehøgtida er for folk flest kanskje ikkje like lett å få tak på innhaldet i som jula og påsken. Men kort fortalt, handlar pinsehøgtida eigentleg om eit friskt pust. Ja, ikkje eit kva som helst friskt pust, heller. Pinse handlar om Den heilage ande, om livspusten som var der ved skapinga, og som no, tusenvis av år seinare gjev liv, lyst, mot og håp i fellesskap som elles fort kunne ha stivna til på feil måte.

Denne livspusten frå Gud har fylgt kyrkja til alle tider, og vore ei drivkraft når kyrkja sine folk har talt om fred og forsoning, tilgjeving og ny start. Når kyrkja sine folk til tider har gått seg vill i eigne tankar og stivna til, har Den heilage ande stadig kome som eit friskt pust og peika på sanninga og rettferda. Kyrkja er sendt frå Gud, for å vera eit friskt pust, alle stader der menneska sjølv har gjort det tungt å leva. Det vil ikkje seia at dei som til ei kvar tid styrer i kyrkja kan definera kva som er rett og sant i ein kvar situasjon. Men det tyder at det finst ei sanning som me saman kan søkja og som me kan stadig trengja djupare inn i, om me let Den heilage ande rettleia oss. For det er ikkje berre fellesskap mellom menneske som kan stivne til i feil former. Min eigen tanke har den same evna til innimellom å låse seg fast i tankar som ikkje akkurat støttar sunn livsutfalding. I slike situasjonar trengst Guds friske pust meir enn nokon gong!

God pinse til alle!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 29. mai 2020

Treeiningssøndag

Matt 28,16-20

Læresvein

«Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar», sa Jesus då han møtte dei på eit fjell i Galilea etter sin død. Læresveinar? Kva meinte han med det? «Svein» tyder vanlegvis «ung mann», eller i denne samanhengen «ungt menneske». Saman med ordet «lære» skulle tydinga då bli noko slikt som «ein person som er tidleg i ein læringsprosess». I yrkesfaga er det lang tradisjon for at opplæring skjer ved at ein lærling jobbar saman med ein meister. Misjonsbodet Jesus gav på fjellet i Galilea handlar om det same, om eit meister-lære program.

Og slik har kyrkja utvikla seg, ved at borna har lært av foreldra sine korleis tru praktiserast. Samstundes har dei vaksne lært av andre med meir innsikt i trusspørsmål, kva denne truspraksisen eigentleg tyder. Og sjølv dei med mest innsikt i trusspørsmål har sett på seg sjølv som læresveinar, læresveinar under Meisteren sjølv. No skal det også seiast at ein av demokratiseringsprosessane under reformasjonen, handla om at det eigentleg ikkje trengst nokon mellommann mellom det einskilde mennesket og den treeinige Gud. Alle kan sjølv lesa i Bibelen og ha direkte tilgang til Guds ord. Det er sjølvsagt sant. Samtidig vil dei aller fleste ha stor nytte av å kunna drøfta med eit anna menneske det ein les, og då gjerne med eit menneske som har levd lenger på trusvegen.

Tru er nemleg ikkje noko statisk, men ein prosess. Kristen tru er noko ein stadig trengjer djupare inn i. Når eg trur eg har kome dit at eg har gripe det, så er det stadig noko meir der. Kyrkja si viktigaste oppgåve er å leggja til rette for denne prosessen, for vandringa. Trur eg at trua mi er ferdig utvikla, så lurar eg meg sjølv. I realiteten er eg då sannsynlegvis eigentleg på veg bort frå trua. For livet er i seg sjølv ein prosess, ei vandring. Og skal trua vera med, må også tru vera i ein prosess. Det er ikkje Gud som er omskifteleg. Han er stø som fjell. Men eg er omskifteleg, og difor vil det eg får auge på rundt meg også skifte. Og av alt eg har rundt meg, er Gud det viktigaste.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad 5. juni 2020

2. søndag i treeiningstida

Matt 3,11-12

Vende om?

Går ein nokre tiår tilbake, var det ganske vanleg at det frå norske preikestolar vart fokusert sterkt på omvendinga. Ikkje minst var predikantane på bedehusa oppteken av dette, at menneske måtte venda om. Lenge hadde denne tankegangen ein sterk gjenklang hos tilhøyrarane, også. Mange snakka om den gongen då dei vart omvendt, ein vinterdag i 1965, eller når det var. Dei ivrigaste byrja også å setja klare skilje mellom dei omvendte og dei uomvendte, eller mellom dei kristne og dei ikkje-kristne ettersom språket utvikla seg.

I dag høyrer me sjeldan at prestar og predikantar nyttar taletida til å mana til omvending. Nokon har stussa på dette, at det som var så viktig innan kristen tenking for eit halvt hundre år sidan, no nesten er borte. Var det berre eit fenomen i tida? Var det uttrykk for stammespråk på avvegar? Eller er det vår tid som har mista noko vesentleg?

Både Bibelen og vedkjenningsskriftene talar om omvending, men då meir forstått som ei dagleg omvending, ei stadig tilbakevending til Gud. For det er ikkje me som kjempar oss fram til Gud gjennom vårt eige strev, det var Gud som kom til oss. Så finst det krefter som vil villeia oss og halda oss borte. Den kristne sin kamp er difor ikkje å kjempa seg fram til Gud, men å snu ryggen til det som vil halda meg borte frå han.

Dåpen er ei gåve som vart gjeven meg ein gong, som ei gåve frå Gud. Omvendinga handlar om dagleg å halda blikket på han og det gode han vil med livet mitt. Det er no litt vekslende frå dag til dag kor godt akkurat det går. Godt då at Gud ikkje er like skiftande, men at nåden hans står fast som fjell.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad 12. juni 2020

3. søndag i treeiningstida

Luk 14,15-24

Ikkje alt kan vente

Dei fleste har vel erfaringar med at enkelte ting er utruleg freistande å utsetje. Det kan vera ting me kvir oss til, eller noko som me veit vil krevje noko ekstra av oss. Utsetjinga kan skape irritasjon for andre og energilekkasje for oss sjølve. Men ut over dette har det kanskje ikkje så store konsekvensar.

Verre er det med dei utsetjingane som me ikkje har eit like medvite forhold til. Desse utsetjingane oppstår lett når me har for mykje å gjera og misser oversikten. Då er det fort gjort å prøva å få kontroll gjennom å heile tida prioritera det som har kortast frist. Problemet er at det som har kortast frist slett ikkje alltid er det viktigaste. Skrekkeksmpelet på dette er jo når det plutsleg har gått veker og månadar sidan ein har hatt tid til dei næraste rundt seg, berre fordi alle dei små tidstjuvane har fått sitt.

For mange kan det gå på same måten med dei store spørsmåla og dei lange tankane, at dei kjem i skuggen av alt som krev merksemda vår akkurat no. Det triste med dette er at me kan ende opp med at når me ser oss tilbake så kan me måtta konstatere at sjølv om me rakk «alt», så skjøna me lite av meininga med det heile.

Kyrkjerommet er ein god stad å tenkje lange tankar. Sjølv i sommarferien kan det vere mange små ting ein tenkjer at ein skal rekkje. Men kanskje kan det å setja seg ned i eit slikt heilagt rom ein times tid bli eit høgdepunkt denne sommaren, ikkje fordi preike og liturgi var spesielt underhaldande, men fordi du fekk tenkt nokre lange og viktige tankar. Ikkje alt kan vente.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad 19. juni 2020

4. søndag i treeiningstida

1. Kor 9, 24-27

Kampen

Mange gonger, og på mange måtar, har eg det siste året skrive om at den kristne trua og det kristne håpet ikkje er noko me kan kjempa oss fram til sjølv, men at det er Gud som kjem oss i møte og gjev oss alt som ei gåve.

Det tyder likevel ikkje at kristenlivet er heilt utan kamp og motstand. «Kjemp for alt som du har kjær» lærte me jo gjennom ein av salmane som me i si tid song på skulen, og her ligg det eit viktig poeng: Det er dette som me allereie har fått me kjempar for å halde på. Det er ikkje ein kamp med Gud om at han ikkje må gå frå oss, for Gud blir om alle andre vender oss ryggen. Nei, det er ein kamp mot alt som vil freista oss sjølve til å venda Gud ryggen og det han står for.

Det kan vera ein kamp mot likesæle, altså at eg ikkje bryr meg men let verda seile sin eigen sjø. Det kan vere ein kamp mot havesykja, dette at eg stadig vil ha meir og i alle fall ikkje unner andre å ha meir av noko enn det eg har sjølv. Det kan vera kampen mot vrangviljen, denne lysta til å stå i mot andre sine ynskje, berre fordi eg er i posisjon til å gjera det. Det kan også vera kampen mot å bli ein reiskap for andre sine destruktive agendaer. Og kanskje pinlegast av alt: Det kan vere ein kamp om å avstå frå å skape ufred berre fordi eg kjedar meg.

Lista kunne vore gjort uhorveleg mykje lengre. Men ei slik liste er jo ikkje særleg oppbyggjeleg. Så lat oss like godt gå rett til konklusjonen: Den kristne trua og det kristne håpet er Guds gåve til oss utan at me har kjempa oss fram til det. Kampen handlar om å la trua og håpet få prege liva våre på ein slik måte at det kan bli til velsigning for alle me har rundt oss.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad 26. juni 2020

5. søndag i treeiningstida

Jer 23,16-24

Falske profetar

At ikkje all informasjon er sann informasjon, er ikkje eit problem som kom med sosiale medium. Allereie 600 år før Kristi fødsel advarte profeten Jeremia mot «fake news».

Informasjon er makt. Den som kan fortelje ei forteljing slik at folk trur det som har blitt fortalt dei, kan i neste omgang påverke folk sine val. Maktmisbruk ved bruk av falsk informasjon skjer på alle nivå i samfunnet. Det er ikkje vanskeleg å finne internasjonale leiarar som brukar dette grepet for alt det er verdt. Om enn i mindre skala, så skjer det også i norsk politikk, ikkje minst når det nærmar seg val. Men det skjer også nærare oss enn som så, og dette er det ikkje fullt så lett å snakka om.

Dei fleste av oss har nok frå tid til annan kjent på freistinga til å «pynta» på sanninga. Det kan handle om å framstille ting slik at me kjem i eit betre ljøs sjølv, eller at me oppnår noko som me veldig gjerne ønskjer oss. Eller det kan i verste fall handle om å framstille noko slik at andre menneske vert trekte ned.

Falske forteljingar på det religiøse området, handlar ofte om framstille Gud på ein måte som det ikkje er dekning for i Bibelen. Nokre gonger er motivasjonen å gjera Gud liten eller usympatisk. Men oftast handlar det om å dra Gud inn i ein konflikt der forteljaren sine haldningar vert gjort til Guds haldningar.

Det er slike falske profetiar Bibelen åtvarar oss mot.

Kjeldekritikk er den viktigaste reiskapen me har mot falsk informasjon, har me lært oss som internett-brukarar. Innan teologien var allereie Luther inne på det same, då han hevda at alt må prøvast på Guds ord.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 3. juli 2020

Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida
Luk 5,1-11

Tenk stort om arbeidet!

Det er ikkje arbeidet som gjev oss menneske verdi. Verdien vår kjem av det å vera menneske, og berre det. Difor har ein arbeidsufør like stor verdi som ein som arbeider. Men arbeidet har ein stor verdi for fellesskapet. Difor er det ikkje kva du tener som er det viktigaste, men kven du tener. No er det sjølvstykke ikkje uvesentleg kva ein tener, heller. Jesus sa jo også at «ein arbeidar er løna si verdt». Men det viktigaste med arbeidet er likevel ikkje kva du tener, men kven du tener. Difor er det viktig å spørja seg sjølv: Står arbeidet mitt i ein større og viktigare samanheng? Fører arbeidsinnsatsen min til at verda blir ein betre stad å vera?

I tidlegare tider var det ikkje berre presten som hadde eit kall. Læraren hadde eit kall til å gje den oppveksande generasjonen kunnskap. Bonden hadde kall til å dyrke fram mat. Det er både godt og rett å vera lønsmottakarar, men arbeidet handlar om noko meir. Det held ikkje å tena godt med pengar, om eg ikkje finn ei større meining med det eg driv med. Då er det betre å finna seg noko anna å gjera, om det så fører til at ein går noko ned i lønn. For det ligg djupt nedlagt i oss alle, at det me brukar kreftene våre på, må vera til nytte for fleire enn oss sjølve. Slik er det med kreftene me brukar på fritida og i pensjoniståra også. For me lever ikkje for oss sjølve, men me lever for å gjera verda til ein betre stad å leva.

For at me skulle koma til tru, vart det i kyrkja innstifta ei eiga teneste med ord og sakrament. Men prestetenesta har ikkje patent på å sjå på arbeidet som eit kall. Tenk stort om arbeidet ditt!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad 10. juli 2020

7. søndag i treeiningstida
Luk 15,1-10

Han som leitar

Fordi Gud er langt større enn det tanken vår kan romma, har me ikkje noko som helst sjanse til å danne oss eit heilskapleg bilete av han. Alle bilete me har av Gud er såleis som fragment å rekne.

Innimellom kan dette vera ganske utfordrande, ikkje minst når me ikkje får desse fragmenta til å henga saman. For korleis kan det no henga saman at Gud på den eine sida er streng og rettferdig, og på den andre full av nåde og miskunn? Og korleis kan han som rydda ut det meste i syndfloda, vere den same som i neste omgang ofrar alt for menneska?

Det finst enormt mange bilete av Gud i Bibelen. For oss let dei seg vanskeleg setja saman til eit heilskapleg og harmonisk bilete. Alle dei bibelske bileta er sanne, på sitt vis, og djupast sett heng dei nok saman, sjølv om det for oss er eit mysterium.

Det er ikkje opp til oss å teikna bilete av Gud. Men det er opp til oss å velja kva side av Gud me vel å kvila augo våre på. Det handlar ikkje om å avvisa noko av det som står om Gud i Bibelen, og såleis gjera han mindre. Men det handlar om å halda fast på det eg trass alt kan forstå, og som gjev meg ro. Det biletet som for meg har blitt det beste biletet å kvila augo på, er biletet som dei to likningane i preiketeksten denne sundagen målar av Gud: Gud er han som leitar, ustanseleg og usvikeleg, til han finn oss!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 17. juli 2020

8. søndag i treeiningstida

Matt 6,19-24

Mammon

Materiell rikdom har blitt sett høgt i dei fleste kulturar. Kanskje ikkje så rart, i og med at pengar og jordisk gods ofte har vore nøkkelen både til makt og til ein såkalla høg levestandard. Men medaljen har også si bakside. Fokus på pengar og eigedom, har ein eigen evne til å eskalere og ta større og større plass i livet til den som har fått smaken på det. Stoppar ein ikkje i tide, kan det ta heilt overhand, og alt i livet kan til slutt handle om å skaffe seg meir pengar og fleire ting. Slik var det på Jesu tid, og slik er det i vår tid.

For å understreke krafta i den materielle rikdommen sin tankegang, vert han i Bibelen skildra som ein avgud, jamvel med sitt eige namn: Mammon. Som avgudar flest ønskjer Mammon å få så stor merksemd som mogeleg, og samstundes bortforklare eller latterleggjere alle andre verdier og tenkjesett.

Korleis kan ein så stå i mot Mammon? Det beste grepet for å stå Mammon i mot, er å prente inn i seg sjølv at alt eg eig har eg på lån, for å forvalte det til beste for fellesskapet. Mammon likar ikkje ein slik tanke. Han vil heller seie at du har fått alt fordi du fortener det, og at det er berre ditt, og du treng ikkje skamme deg for å nyte det.

Eigedom og pengar kan vere ei velsigning eller ei forbanning. Om det vert det eine eller det andre, handlar i stor grad om korleis me forvaltar det.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 24. juli 2020

9. søndag i treeiningstida

Rom 8, 31-39

Guds kjærleik

Mange menneske har ein oppvekst der dei, med eller utan grunn, har følt at dei har måtta kjempa for å bli elska av foreldra sine. Prestasjonar og åtferd har stått så sentralt i oppsedinga at barnet og ungdommen har tolka det dit hen at god innsats og gode resultat er ein føresetnad for å bli elska. Dei fleste foreldre vil nok bli forskrekka når dei oppdagar at det er slik dei vert forstått av borna sine, for det var jo ikkje dette som sto i foreldra sin tanke. Ut av ein uendeleg kjærleik til barna sine, ville dei jo berre at det skulle gå dei vel.

Om jordiske foreldre sin kjærleik til sine born overgår det meste, så er det likevel ikkje noko som kan overgå Guds kjærleik til menneska han har skapt, til deg og meg. Han vil oss det beste! Han er for oss der alle andre måtte vera i mot oss! Ingen vil oss vel som han! Når han så gjev oss sine bod med retningslinjer for eit godt liv, så er det altså kjærleiken til oss som driv han. Men dette er det fort gjort at me tolkar feil i ein kultur der prestasjonar og åtferd har eit sterkt fokus. Slik byrjar me fort å tru at me må prestera for å bli elska, også av Gud. Men slik er det altså ikkje. Guds kjærleik til oss var der før me vart fødde, og denne kjærleiken vil vera der like sterkt etter at me ha trekt vårt siste andedrag. Han gler seg når me oppfører oss rett og det går oss godt. Men han elskar oss like høgt også på dei dagane når alt går på tverke og me veit korkje ut eller inn.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 31. juli 2020

10. søndag i treeiningstida

Luk 5,27-32

Kven er kyrkja for?

Det finst mange aktivitetar og sosiale samanhengar i dette landet som i prinsippet er heilt opne for at kven som helst kan delta, men som likevel mange tenker ikkje er for dei. Det kan handla om at den einskilde ikkje vil assosierast med det den aktuelle gruppa står for eller driv med. Men det kan like godt handle om at dei som dominerer i gruppa eller aktiviteten har blitt så einsarta og smale at folk flest ikkje klarar å kjenne seg heime.

Aktivitetar og grupper kan fort bli sosiale markørar som gjer at det uttalte målet om å vera open for alle, i realiteten blir forsømt. Når alle i gruppa byrjar å kle seg likt, uttrykke seg likt og tenke likt, fordampar det allmenne.

Den kristne kyrkja vedkjenner i kvar einaste gudsteneste at ho er ei heilag, allmenn kyrkje. Men er ho det? Og kva tyder det egentleg? Er kyrkja for dei heilage, eller er ho for kven som helst? I teksten denne søndagen gjer Jesus det klinkande klart: «Det er ikkje dei friske som treng lege, men dei som har det vondt». Kyrkja er ikkje for dei som alltid får det til og som alltid har alt på det reine. Kyrkja er for den som ikkje alltid får det til, og som gjerne slit med å vera den ein burde vera. Kyrkja er med andre ord for folk flest. Blir kyrkja ein identitetsmarkør for noko anna, har noko gått gale ein eller annan stad. I kyrkja skal det allmenne og det heilage møtast, gjennom at heilt vanlege folk møter han som sprengjer alle grenser.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 7. august 2020

11. søndag i treeiningstida

Matt 23,37-39

Splitte eller samle?

Soga er full av eksempel på at menneske vel splid i staden for samlande løysingar, både nasjonar som står mot nasjonar, trusretningar mot trusretningar og ikkje minst person mot person. No er sjølvstekt ikkje motsetningar noko gale i seg sjølv. Tvert i mot kan motsetningar tilføre energi og presse fram noko nytt og betre. Men skal motsetningar bli konstruktive, krevst det ein grunnleggjande vilje hjå partane til å finna fram til samla løysingar i staden for langvarig splid.

Motsetningar er altså i seg sjølv positivt, medan splid berre er utarmande og øydeleggjande. Slik er det både i dei store samanhengane, og i dei heilt nære. Kloge menneske brukar motsetningar positivt. Den ukloge dyrkar spliden, gjerne for sjølv å kome i ein posisjon av makt. Splitt og hersk er difor eit kjent ordpar.

Evangeliet, den glade budskapen, har i mange samanhengar ført til noko nytt og betre og samla menneske om gode formål. Men det skal heller ikkje stikkast under ein stol at den same budskapen mange gonger har medført strid og splid. I teksten denne søndagen er det igjen tvil om Jesu intensjon. Han ville samla menneske «slik ei høne samlar kyllingane under vengene sine». Men me menneske er fødte med ein eigen vilje, som ikkje alltid søker samling, men som av ein eller annan grunn fort vert dregne mot spliden, sjølv om me veit at han aldri på sikt fører til noko godt. Nokon gonger treng me difor å minne kvarandre på at me har faktisk eit val, og me kan velja det som samlar i staden for det som splittar.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 14. august 2020

12. søndag i treeiningstida

Matt 6,24-34

Uro for morgondagen

Å oppfordra folk til å ikkje vera urolege, er ingen lett kunst. Framfor alt skal ein passa seg for å bruka egne erfaringar i møte med andre sine liv. For kven er vel eg til å forstå meg på kva andre strevar med?

Uro for framtida kan handla om så mykje, om helse, om relasjonar til andre, om økonomi og mykje, mykje meir. Dette er sjølvstekt tema det går an drøfta med andre som ein har tillit til, sjølv om me altså sjeldan fullt og heilt kan setja oss inn i kvarandre sin totalsituasjon. For det den eine kan ta lett på, kan gnaga tungt på den andre.

Eit tema me derimot burde snakka meir om enn det me gjer, er korleis me taklar uro. For i vår tid ser det ut til at kulturen i seg sjølv prøver å gje eit svar på dette, som kanskje ikkje er det beste svaret. Samtida sitt svar på utfordringar på det personlege planet er å døyva uro ned best mogeleg med stimuli som kan få deg til å tenka på noko anna. Konkret kan det handla om sanseintrykk og informasjonsflaum frå digitale media, rusmiddel eller vanlegast av alt; materielt forbruk. Problemet med slike stimuli, er at dei fort skaper fleire problem enn dei løysar, at dei skaper meir uro enn dei klarar å døyve.

I teksten denne søndagen peikar Jesus på ei betre løysing: Lev enklare! Ikkje omgje deg med meir ting og tang enn nødvendig. Med det er ikkje all uro borte. Men totaliteten blir kanskje lettare å bera.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 21. august 2020

13. søndag i treeiningstida
Matt 25,14-30

God ressursbruk

Ressursar kan vera så mykje. Det kan handla om eigedom, råstoff, produksjonsmiddel og pengar. Men ressursar kan også handla om evner og kompetanse. Ressursar kan vera noko fellesskapet har hand om, eller noko einskildindividet rår over.

Ressursar kan brukast, eller dei kan liggje unytta. Ressursar som ikkje kan fornyast, og som står i fare for å brukast opp, bør ein ha ein plan på korleis ein tek vare på med tanke på framtidige slekter. Men dei fleste ressursane me menneske rår over, er til for å brukast, til beste for fellesskapen. Kompetanse, for eksempel, er lite verdt om han ikkje vert brukt. Rett bruk av ressursar skaper nye og større ressursar. Gal bruk av ressursar fører til stagnasjon og utarming.

Ressursbruk er framfor alt eit etisk spørsmål, anten det skjer på samfunnsnivå eller på individnivå. Å rår over ressursar handlar ikkje først og fremst om å eige, men om å forvalte. Den som rår over mykje, bør difor også få til mykje godt. Einsidig samling av ressursar, fører ikkje til noko godt. Men bruk av ressursar tener samfunnet. Difor er me alle pliktige til å ha eit medvite forhold til kva ressursar me rår over, og til å tenke over korleis desse ressursane kan brukast best, til nytte for flest.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 28. august 2020

Vingardssøndagen / 14. søndag i treeiningstida
Matt 20,1-16

Fortene himmelen?

Ikkje så reint sjeldan møter eg menneske som er veldig opphengt i at alt skal fortенast, anten det er godt eller vondt. Eg trur det må hengje saman med eit eller anna slag rettferdsprinsipp: Den som arbeider fortener lønn etter innsats. Den som bryt lover og reglar fortener straff etter alvoret i brotsverket.

Men er det verkeleg slik med alt i tilværet vårt, at det må fortенast? Sola skin då like mykje, eller like lite, på dei som har god vandel og arbeidsmoral, som på dei med eit heller tvilsamt rykte.

Skal ein prøve å forklare ordet nåde, så handlar det om akkurat dette, om at noko vert gjeve oss heilt utan at me har fortent det. Guds nåde handlar om at han vil ha med oss å gjera både no medan me lever her, og i livet etter dette, utan at han gjer opp noko status for om me fortener det eller ikkje.

Det er ikkje gode gjerningar eller plettfri vandel som avgjer Gud si haldning til oss, men om me vil ha med han å gjera, eller om me avviser han.

Vil det seia at god arbeidsmoral og god vandel ikkje er noko verdt? Nei, langt i frå! God arbeidsmoral og god vandel er av største verdi, for oss sjølve og for dei rundt oss. Det er absolutt noko Gud heiar på, også. Men noko forteneste som kan brukast som inngangsbillett til det evige livet, gjev det ikkje. Der er det berre nåden som gjeld, og takk for det.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 4. september 2020

15. søndag i treeiningstida

Fil 1,9-11

Innsikt og dømmekraft

«Og dette bed eg om», skriv Paulus i brevet sitt til filipparane, «at kjærleiken dykkar må bli rikare og rikare på dømmekraft og innsikt». Med dette gjer Paulus det klart at kjærleik er meir enn ei romantisk kjensle. Kjærleik handlar framfor alt om å sjå, om å forstå og om å handle.

Det er sjølv sagt ikkje noko feil med korkje romantiske kjensler eller gode varme tankar. Men kjærleik er så mykje meir, anten me snakkar om forholdet mellom to personar eller me snakkar om større fellesskap.

Innsikt kan me få ved å lesa og studera. Det er mykje nyttig visdom i gode bøker. Men minst like mykje innsikt kan me få ved å lytta til menneska rundt oss og prøva å forstå litt meir av liva dei lever. Om ein i tillegg klarar å halda saman den boklege kunnskapen med den mellom-menneskelege kunnskapen vert det enda betre.

Mykje innsikt er gull verdt, men først når me tek han i bruk. Når innsikt går frå å vera rein informasjon til å bli dømmekraft, skjer det noko viktig. Dømmekraft handlar om å forstå det eg har sett, og å gjera det eg har forstått om til handling. No kan sjølv sagt både innsikt og dømmekraft misbrukast til å leggja vonde planar. Men det er her kjærleiken kjem inn. Innsikt og dømmekraft kjem aller best til nytte hos det mennesket som vil andre menneske vel. For det er altså dette kjærleiken framfor alt handlar om: Å sjå, å forstå og å handle.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 11. september 2020

16. søndag i treeiningstida

Mark 7,31-37

Gud vil det gode

Då dei førte til Jesus ein mann som var døv og som hadde vondt for å tala, såg Jesus opp mot himmelen, sukka og sa: «Effata!». Det tyder: «Lat deg opp!». Med det same vart øyra hans opna, og bandet som batt tunga hans, vart løyst så han tala reint.

Me lever i ei verd der det er mykje som legg band på livsutfaldinga vår. Sjukdom, fattigdom, mangel på kunnskap, strid og havesykje. Lista kunne vore gjort svært mykje lengre. Gud har skapt oss til livsutfalding, til å bruka alt det gode i livet til det beste, både for oss sjølv og for fellesskapet.

Av og til er det våre eigne dårlege val som står i vegen for livsutfaldinga vår. Andre gonger kan det vera andre sine dårlege val som set grenser for livsutfaldinga vår. Men nokre gonger vert me ramma utan at me kan skulda korkje på oss sjølv eller andre. Tilfeldig sjukdom, uføresette ulykker og uhell av alle slag kan råke oss når som helst utan at me har noko styring med det. Så lenge me lever her på jorda, må me forsona oss med at me stadig vil kunna møte hindringar på vegen. Men det er ingen grunn til å gje opp. Nokre av hindringane kan me bli kvitt, andre kan me lære oss å leve med.

Dei mange undera Jesus gjorde for menneske som var ramma av ulike lidingar, vitnar om at Gud ønskjer å fjerna alt som hindrar det gode livet. Nokre gonger kan me oppleve at det skjer allereie her på jorda, at Gud grip inn. Men fullt og heilt skal det skje den dagen han gjer alle ting nye.

Difor kan me be Gud både om god helse, om å bli friske og om hjelp til å kunne leve betre med sjukdom, utan at det er nokon motsetnad i desse bønene. Gud vel sjølv korleis han vil svare på bønene våre. Nokre gonger skjønar me korleis han svarar, andre gonger har me vanskeleg for å forstå. Men det me kan vera sikker på er at Gud vil at me skal kunne leve gode liv.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 18..september 2020

17. søndag i treeiningstida
Joh 11,17-29 og 30-46

Det store håpet

Tek ein inn over seg kva som skjedde då Jesus stod opp frå ei døde, er påskedagen utan tvil den største dagen i verdshistoria. Det handlar nemleg ikkje «berre» om at ein religiøs leiar gjennomførte noko uforklarleg. Jesu oppstode ber i seg bod om ei endring av heile forståinga vår av kva eit menneskeliv kan vera.

Utan Jesu oppstode, er livet avgrensa til levetida vår her på jorda. Ved Jesu oppstode opnar det seg eit heilt anna perspektiv, eit liv etter dette som ikkje berre er ein liten ekstra runde, men som altså skal vare til evig tid.

Om du strevar med å ta dette inn over deg, så kan du trøysta deg med at du ikkje er aleine. Det er vel strengt tatt ingen som fullt og heilt kan ta inn dei store konsekvensane dette har. For alle erfaringane våre peikar jo i ein annan retning enn det som her blir lova. Me har jo gjennom heile livet erfart at alle dør til slutt, og så får me høyra om eit liv der døden ikkje lenger eksisterer. Me er vane med å tenka at godt og vondt lever side ved side, og så får me høyra at der, på den andre sida av døden, så skal alt vera berre godt. Med eiga tankekraft får me ikkje dette til å gå i hop. Men heldigvis kan håpet romma det. For håpet krev ikkje dokumentasjon på alle ting. Håpet treng ikkje teikningar og kalkuleringar som går opp med to strekar under svaret.

Det er alltid lov å håpe, og nokre gonger er det også god grunn til det. For når me ser det ufatteleg flotte skaparverket me lever i allereie no. Ville det ikkje då vera rart om skaparen berre gav det opp slik utan vidare? Når me anar den entusiasmen og gode viljen som må ha lege bak, er det ikkje då rimeleg å tenkje at han også kan ha meir å gi, etter at det me ser i dag er over?

Jesu oppstode varslar vår oppstode. Dette er utan tvil det største som har skjedd nokon gong. Dette er det store håpet!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad 25. september 2020

18. søndag i treeiningstida

Matt 8,14-17

God helse

Er det noko samfunnsområde der me verkeleg kan seia at me både har hatt, og framleis har, ei rivande utvikling, så er det innan helsesektoren. Går me 150 år tilbake, kunne det som i dag nesten ikkje er sjukemeldingsgrunn vera dødeleg. Ein hadde så godt som ingen ting å hjelpa seg med når sjukdom ramma. Men ein treng slett i ikkje gå så langt tilbake i tid, heller. Det finst til dømes kreftformer som for berre få tiår sidan var svært dødelege, som det i dag finst svært gode behandlingsformer for.

Framfor alt er det auka kunnskap som har gjeve oss desse store framstega innan helsesektoren. I tillegg har auka levestandard, og med den betre kosthald, betre bu-miljø og betre arbeidsmiljø, medverka positivt.

Så kan ein sjølv sagt spørja seg: Gjer denne utviklinga at me ikkje treng mirakel lenger? Og gjer dette at gudstrua blir mindre aktuell?

Det kan sjå ut til at helsesituasjonen vår er avhengig av svært ulike faktorar. Det handlar delvis om eigen livsstil, altså val me gjer sjølv. Det handlar delvis om val andre gjer, og som har konsekvensar for oss, som miljøpåverknad av ulikt slag. Men i tillegg så er det framleis slik at mykje av det som har med helse vår å gjera kan sjåast på som flaks og uflaks, som om eg var heldig eller uheldig med genane eg fekk utdelt eller kva virus eller bakterie eg tilfeldigvis klarte å dra med meg, eller unngå.

Når me blir friske av ein sjukdom, kan fagmedisinen oftare og oftare forklare kva som skjedde, og ofte handlar det om rett medisin eller rett behandling. Om det likevel er eit mirakel, eller ikkje, blir eit definisjonsspørsmål. Blir eit mirakel eit mindre mirakel om me får kunnskap om kva som skjedde? Er det ikkje berre eit endå større mirakel om ein i tillegg kan forstå kva som skjer og dermed utvikle behandlingsformer som kan styrke kroppen sitt eige immunforsvar eller restitusjonsevne?

Bibelforteljingane om når Jesus lækjer sjuke, handlar ikkje om alternativ behandling av sjukdom. Desse forteljingane handlar meir om omsorga hans for einskildmenneske, om makta han har til å sigrar over dei vonde kreftene, og ikkje minst kva dette siste gjev oss av håp for framtida.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 2. oktober 2020

19. søndag i treeiningstida
Matt 5,20-26

Reglar eller sinnelag?

Ikkje berre har me menneske ulike oppfatningar av kva som er rett og kva som er gale. Me tenkjer også heilt forskjellig om korleis me kan koma fram til kva som er rett og kva som er gale.

Nokre menneske er veldig regel-tru. Dei lever aller best i eit miljø som er regulert av lover, reglar eller i det minste skriftlege forventningar. Dei tenkjer at livet berre handlar om å vera lojal mot reglane, så slepp ein unna både misforståingar, diskusjonar og vanskelege vurderingar.

Andre menneske er meir opptekne av sinnelaget. Dei må kjenna på mage-kjensla, og vera overtydde om at det dei gjer er gjort i beste meining, at tanken bak er god. Atter andre har fokuset på konsekvensane, og brukar all energi på å rekna ut kva som blir konsekvensen av eit kvart valalternativ, og så tenkjer dei at det det alternativet som gjev dei beste konsekvensane også er det etisk rette valet.

Kvar plasserer så Jesus seg i dette landskapet? Var han regeletikar, sinnelagetikar eller konsekvensetikar? I disputtar med farisearane ser me ofte at han skuldar dei for at regel-velde deira har gjort dei harde og kjenslelause. Samstundes seier han ein annan gong at han ikkje har tenkt å endre ein tøddel i lova. Kva skal me lesa ut av dette?

Me menneske står stadig i små og store etiske val. Utfordringa er at ingen situasjonar er like, og sjølv er me heller ikkje like dei me møter. Difor vert det for lettvindt å laga seg enkle system for å handtere etiske val, anten systemet er regeletisk, sinnelagetisk eller konsekvensetisk. Å leva er å stå i alle desse vala, og gjera det beste ut av det. Å vera eit menneske er å reflektera, og i møte med komplekse etiske val kjem ein best ut av det om ein reflekterer både over kva reglar som gjeld, om tanken bak er god og kva konsekvensar vala mine har. Let eg det eine perspektivet heilt overskygge dei to andre, gjer eg det for lett for meg sjølv, og risikoen aukar for at eg også vel feil.

Når alt dette er sagt, er det også viktig å seia at det er umogeleg å alltid ta det rette valet. Nokre gonger ser me i etterkant at det vart heilt feil, likevel. Då er det godt å vita at me trass alt berre er menneske, og at me har ein nådig Gud som let oss prøva på nytt og på nytt.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 9. oktober 2020

20. søndag i treeiningstida
Joh 11,1-5

Håpet utanfrå

Å ha eit håp, er i alle situasjonar i livet heilt avgjerande for oss menneske. Forsvinn håpet, kan det gå skikkeleg gale. Det finst eit utal eksempel i historiebøkene på korleis folkegrupper som vart fråtekne alt håp greip til handlingar dei normalt aldri ville ha funne på. Men dette handlar ikkje berre om folkegrupper, dette handlar like mykje om kvart einskilde menneske. Utan håp, misser me fort både retning, vurderingsevne og ikkje minst livsmot.

Nokre gonger er håpløysa me kan kjenne på, berre eit tankeprodukt, altså at me har tenkt oss inn i eit hjørne. Med litt hjelp går frå ein samtalepartnar, let det seg ofte gjera å koma ut av slike flokar. Andre gonger er det ikkje til å koma utanom at det er reelle forhold i livet som faktisk er ganske håplause. Når ting i livet ramlar saman som eit korthus på grunn av dårleg helse eller brotne relasjonar, så kjem håpløysa som meir enn berre eit tankeprodukt. Då trengst det også meir enn berre hjelp til å tenka positivt, då trengst det reelt håp utanfrå.

Håpet utanfrå, er veldig ofte eit menneske som er villig til å ikkje la deg bli verande i det håplause aleine. For det er når håpløysa fører til utanforskap at ho verkeleg bit seg fast. Difor er det så viktig å ikkje isolere seg meir enn ein må. I gode relasjonar er nemleg håpet ukueleg. I vissa om at eit anna menneske snart kjem innom og ser til korleis det er med meg, lever håpet. I einsemd er det grenser for kor lenge me klarar å spa fram håp frå det indre i oss sjølv. Difor treng me håpet som kjem til oss utanfrå. Som oftast kjem dette håpet til oss gjennom fellesskap med andre menneske. Nokre gonger kan me til og med skimte noko endå større bak desse menneska som gjev oss håp, noko som ikkje er så lett å setje ord på, noko heilag.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 16. oktober 2020

Bots- og bønnedag
Luk 13,22-30

Den gode kampen

Av og til kan livet kjennast som ein kamp. Grunnane kan vere så mange. Av og til handlar det om for mange arbeidsoppgåver, andre gonger om vanskeleg økonomi, vanskelege relasjonar eller sviktande helse. Av og til står det veldig klart for oss kva det er me kjempar med, andre gonger kan det vere meir uklart.

For ein del menneske kan også dei store spørsmåla i livet arta seg som ein kamp: Korleis kan eg finna meininga med livet? Korleis kan eg leva rett? Korleis kan eg bli frelst og koma til himmelen? Slike spørsmål har vore stilte av menneske til alle tider. Også Jesus fekk mange slike spørsmål då han gjekk rundt på jorda for snart 2000 år sidan.

Å bli frelst handlar om å bli fri frå alt som held ein fast på ein slik måte at ein ikkje får levd det livet som var meint for oss frå skapinga av. Kven er det då me kjempar mot? Er det Gud? Nei, slett ikkje. Gud vil at me skal leve både godt og rett, og hans ønskje er utan tvil at eit kvart menneske skal bli frelst. Kampen står dermed ikkje mot Gud, men mot alt og alle som vil freista oss til å venda Gud ryggen. Det kan vera ein kamp mot krefter i oss sjølve eller krefter som kjem utanfrå. Ikkje alltid er dei like lette å identifisere heller. Men lakmustesten er om det desse kreftene vil ha meg til å gjere tener til det gode, eller om dei tener til det vonde.

Bots og bønnedagen er gjeven oss fordi me ofte først i etterkant ser at valet vart feil, at me lytta meir til det som førte oss vill enn det som kunne blitt til det gode. Bots og bønnedagen er definitivt ikkje ein dag for å gi opp, men tvert i mot ein dag for å starte på nytt, i det gode si teneste.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 23. oktober 2020

Helgemessesøndag (Allehelgensdag)

Matt 5,1-12

Arven

Denne helga feirar kyrkja over heile verda Allehelgensdag. Dette er ein dag med ein lang og litt kronglete historie. Det starta eigentleg etter dei store kristendomsforfølgingane på 300-talet, då det vart vanleg å feira alle martyrane sin dag. På 800-talet vart denne dagen til ein dag for alle helgenane som ikkje hadde fått tildelt ein eigen dag i kyrkjeåret. Etter år 1000 smeltar dagen saman med det som den gong vart kalla «Alle sjelers dag» og var ein minnedag for alle døde.

I dag har Allehelgensdag fleire av desse perspektiva med seg: Me minnest alle døde, særleg dei som har gått bort siste året. Samstundes er det eit særleg fokus på det som kan tena som eit forbilde i liva til dei som levde før oss. Det siste og ikkje minst viktige perspektivet, er det me har i vente etter vår eigen død.

Når preiketeksten i år handlar mellom anna handlar om arv, så spelar dette også på dei same perspektiva. Forgjengarane våre sine gode gjerningar er ein arv me er sette til å forvalta på best mogeleg måte. Samtidig så finst det ein endå større arv enn den me har fått frå forfedrane. Ein ny himmel og ei ny jord er arven me er førespegla av Gud sjølv, og det vert understreka at dette ikkje er ein arv ein må gjera seg fortent til, men som eit kvart menneske kan få del i, så lenge me sjølv ikkje fråskriv oss arveretten ved å venda Gud ryggen.

Allehelgensdag er dagen for å heva blikket og sjå både bakover til dei som gjekk føre, sjå på kva me sjølv forvaltar av verdiar i vår eiga samtid, og ikkje minst sjå framover til det gode me har i vente den dagen Gud gjer alle ting nye.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 30. oktober 2020

23. søndag i treeiningstida

Mark 10,28-31

Vanskelege val

Nei, det skal ikkje handle om presidentvalet i USA, sjølv om mange vil hevde at det var vanskeleg nok. For sjølv om politiske val er viktige, så kan dei sjeldan måle seg med dei mange vala me sjølv må gjere i våre eigne liv. Kva utdanning skal eg satse på? Vil eg leve aleine eller saman med nokon? Kven vil eg i tilfelle leve saman med? Kvar skal me bu? Kva vil eg jobbe med?

Valsituasjonane er utruleg mange gjennom eit langt liv. Nokre gonger er valalternativa få og oversiktlege. Andre gonger må me velje mellom eit utal av alternativ som me i tillegg i liten grad klarar å gjennomskode konsekvensane av.

Så er me også ulike som personar. Nokre lever godt med å ta ein sjanse og stå for valet ein har gjort. Andre går lenge og lurar på om dei valte rett.

Dei fleste val handlar også om å velja bort noko. Slik er det også når me veljer overordna livssyn. For sjølv om det finst mange måtar å tru på Gud på, så er det ikkje til å koma utanom at også eit val om å

til dømes bli kristen handlar om å velja bort ein del ting. Det er til dømes vanskeleg å sjå for seg at det let seg kombinera å ha heile sitt fokus på personleg materiell rikdom og samtidig tenkja at den kristne trua er den berande tanken i livet.

Samtidig er det ikkje eit mål på det å vera ein god kristen att ein er mest mogeleg puritansk eller ivrig på å framstå som martyr i møte med resten av verda.

Å velja det gode, handlar først og fremst om det ein veljer, og ikkje det ein veljer bort. Konsekvensane vil sjølvsagt måtte vere at noko av det andre vert fortrengt, og i nokre tilfelle vil det også vere naudsynt at ein tek aktivt avstand frå noko. Men hovudpoenget med det kristne livssynet er ikkje det ein vel bort, men det gode ein veljer. Kyrkja er ikkje først og fremst *imot* ei rekkje med ting, men framfor alt *for* alt som tener til det gode!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 6. november 2020

24. søndag i treeiningstida

Joh 6,63-69

Å gå skuffa bort

Jesus opplevde lenge ein durabeleg suksess! No var det ikkje suksess som var målet hans, men det var uunngåeleg. Ikkje berre hadde han tategåver som overgjekk dei fleste, han gjorde også under som ingen andre kunne. Han helbreda sjuke, gjekk på vatnet, og metta fem tusen menn i audemarka med berre to fiskar og fem brød. Folk stimla til i tusental. Snakk om show! Ut av gruppa av tilskodarar vart det også stadig fleire tilhengjarar som meldte seg til teneste, menneske som gjerne ville ha ein del i suksessen.

Men Jesus var ikkje ute etter suksessen. Han var ikkje komen for å lage sirkus. Han ville vise folket Gud og fri menneske frå alt som heldt dei borte frå Han. Då folket skjønna dette, drog mange seg unna.

Det skjedde den gongen i Israel, og det skjer den dag i dag. Kyrkjer og predikantar som satsar på show og sirkus, kan oppleve enorm suksess på kort sikt. Men dei som strøymar til på grunn av underhaldningsverdien, vert fort borte når showet ikkje klarar å fornye seg og overgå seg sjølv.

Kyrkja sitt kall er å vise folket Gud og å fri menneske frå alt som held dei borte frå Han. Skal kyrkja lukkast i dette, må me som er kyrkja sine tenarar vere botnlaust ærlege på kva me driv med. Inviterer me folk inn på falske premiss, endar det berre med at folk går skuffa bort. Kyrkja skal ikkje vera ein stad for brød og sirkus. Kyrkja skal møte menneske sin åndelege lengt. Og denne lengten trur me faktisk at Gud har lagt ned i kvart eit menneske.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 13. november 2020

Domssøndagen / Kristi kongedag

Matt 25,31-46

Å ta imot

På siste søndag i kyrkjeåret vert me minna om at Jesus ikkje er langt borte frå nokon av oss. Faktisk så er han som oftast langt nærare oss enn det me oppfattar. For medan me har lett for å sjå han for oss som ein mann med kvit kjortel og sandalar, så kjem han i staden til oss som ein av desse som me fort freistast til å oversjå, som ein framand, sjuk, svolten eller krenka person.

Å tena Gud, handlar difor om så mykje meir enn lovsong og bønner i flotte gudshus. Å tena Jesus, er å tena hans minste brør og systrer. På same måte er det med dette å ta imot Jesus. Det handlar om så mykje meir enn å ei kjensle eller ei rasjonell overtyding. Det handlar om å ta i mot han når han kjem som ein framand, som ein sjuk, svolten eller krenka person. Å oversjå ein av desse Guds minste, er å oversjå Jesus Kristus sjølv.

Siste søndag i kyrkjeåret minner oss om alvoret som ligg over dei mange vala me som menneske står overfor i livet. Samstundes vert me minna om at det viktigaste valet for oss allereie er gjort av Gud: Han har valt oss, og han er aldri langt borte frå nokon av oss.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 20. november 2020
